

Kort om Farkvamen barnehage

Farkvamen barnehage er ein privat barnehage.

Barnehagen vart starta opp i 1989 av fem foreldrepar som mangla barnehageplass til sine born. Dei sette då i gong med å bygge ein barnehage i sitt nærmiljø. Barnehagen er organisert som ei stifting. Vi er medlem av Private Barnehagers Landsforbund.

Barnehagen ligg fint til ikkje langt frå Ørsta sentrum. Vi har gangavstand både til fjøre, skog, akebakke, bibliotek og mykje meir.

I tillegg har barnehagen ein minibuss som gjer at barna kan få enda fleire opplevingar. Då kjem vi oss til fleire flotte turmål. Bl.a gardsbesøk, Aasentunet, Høgskulen, Brekkeheida, Bjørdalsvatnet og Helgehornet.

I starten hadde barnehagen 27 plassar og borna var fordelt på dei to avdelingane Skogstrolla og Skålanissane. I 2006 fekk barnehagen eit tilbygg og betre utnytting av andre etasje. I denne byggeperioda heldt barnehagen til i den nedlagde skulen i Follestaddalen. Hausten 2006 fekk vi eit barnetal på 62 og var fordelt på dei tre avdelingane Skålanissane, Skogstrolla og Småtrolla.

I byggeprosessen i 2006 vart tal på barn og vaksne nesten dobla, men personalet sine fasilitetar var omlag dei same. I 2015 starta ein ny omfattande byggeprosess. Då fekk ein eit påbygg mot Skogvegen, og taket vart heva på resten av barnehagen. Vi fekk då litt større leikeareal, og ei god og tidsrett personalavdeling med fleire møterom og gode arbeidsplassar. I 2022 vart nedre del av leikeplassen oppgradert med stor sandbinge, nytt klatrestativ og nytt reiestativ. Vi fekk også nytt garasjebygg og isolert vognskur.



Våre avdelingar:

SKÅLANISSANE:

Denne avdelinga held til i andre etasje. Der er det 26 plassar for born mellom 2 og 6 år. Dei er delt inn i to grupper store delar av dagen.



SKOGSTROLLA:

Avdelinga har 26 plassar for born frå 2 til 6 år. Avdelinga har eit avdelingsrom, to grupperom og disponerer deler av kjøkkenet nede. Desse er også delt i to største delane av dagen.



SMÅTROLLA:

Denne avdelinga har 16 plassar for born frå 0 til 3 år. Dei er også delte i to store delar av dagen. På denne avdelinga har ein lagt stor vekt på små barn sitt behov for aktivitet. Der er mykje boltreplass og mykje mjuke møblar. Avdelinga har eit grupperom, og disponerer delar av kjøkkenet.

